



Frå stadnamnmøte i Kvinnherad Sogelag. F.v: Trond Ramsøy, Tor Bringedal, Kåre Eik, Johan Feet, Lars Jostein Rørvik, Hermund Fenne og Ståle Eik.

Audun Eik i Kvinnherad Sogelag vil ha ei vurdering av bruken av stadnamn, skriftleg og munnleg. Ei ressursgruppe var samla nyleg og la eit generelt grunnlag for arbeidet vidare. Det er alt godt kontakt med Statens Kartverk og Stadnamnarkivet på Universitetet i Bergen. I fyrste omgang gjeld det rett bruk av stadnamn på kart med bakgrunn i lokal tradisjon og seiemåte. I Uskedalen har vi til dømes fått Bergsdalen for Børsdalen, Hjortaklett for Hjarterklett.

Namn, stadnamn og slektsnamn, har stor allmenn interesse. Namn fortel noko om oss, kven vi er, kor vi kjem frå, om historie og samtid, om natur og kultur. Audun Eik er merksam på arbeidet med stadnamn kan vera innfløkt. Det er ofte ikkje enkle svar på rett bruk av namn. Sjå berre på engasjementet i Mauranger i bruken av Sundal med ein eller dobbel n. På Husnes, Undarheim eller Onarheim.

På eit møte i Senioruniversitetet for to år sidan med namnegranskar Bottolv Helleland kom det fram mange spørsmål om namnetyding og skrivemåten på kart. Helleland la vekt på to tradisjonar: Skrifttradisjonen og den munnlege/ lokale tradisjonen. I tvil bør ein halda seg til den lokale tradisjonen. Lokalt seier vi Børsdalen. På det topografiske kartet er namnet vorte til Bergsdalen. Tydinga er den same, ein dal med høge og bratte berg.



Skal stadnamnet Sundal skrivast med ein eller dobbel n ? Det gamle skiltet på kaien syner at Sundal vert skrive med ein n. Hjarterklett er vorte til Hjortaklett, ukjend for alle i Uskedalen. Tydinga kjem truleg frå dyrenamnet hjort. Kjerland vert på kartet skrive med e. Slektsnamnet i Kvinnherad vert skrive med æ. I Granvin brukar ein konsekvent Kjerland med e. Tydinga kjem av kjer, eit kar til fiskefangst.

Døssland vert på kartet skrive med ein s. Alle med etternamnet Døssland skriv det med dobbel s. Fet vert i kjeldene skrive med ein e. Det gjeld både øvre og nedre Fet i Uskedalen og indre Fet i Dimmelsvik. Slektsnamnet vert skrive Feet, med dobbel e. I Dimmelsvik skriv nokre Fedt. Ingen skriv Fet.

Ei anna sak, som også vart drøfta på møte, er bruken av ubunden og bunden form i stadnamn som Uskedal eller Uskedalen, Herøysund eller Herøysundet.

Neste møte i Sogelaget si stadnamngruppe vert i slutten av februar. Då vert stadnamnkonsulentar og andre fagfolk inviterte til å vera med.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Audun Eik / Kristian Bringedal



Uskedal eller Uskedalen ? D/S skiltet vart skrive i ubunden form.